Fra: Per Kristen Svartefoss <pkfoss@online.no>
Sendt: tirsdag 20. oktober 2026 09:40
Til: Fjaler Postmottak
Emne: Vs: Saksnr: 25/1844

You don't often get email from pkfoss@online.no. Learn why this is important

-------- Opprinnelig melding --------
Emne: Saksnr: 25/1844
Dato: Mon, 19 Oct 2026 20:40:52 +0000
Fra: "Per Kristen Svartefoss" <pkfoss@online.no>
Til: post@fjaler.kommune

Innspel til framtidig skulestruktur.

Går rett til kommunedirektøren sine vurderingar, og spør:

Skal øvre Guddal avfolkast?

Dette kan fort bli realiteten hvis kommunen gjer alvor av å legge ned Flekke Skule, går vi ein generasjon fram i tid kan det hende at øvre Guddal er folketom med denne sentraliseringa som kommunedirektøren vil ha.

Kva er Dale utan bygdene rundt, svaret er ingenting.
Resultatet av denne sentraliseringa blir at kommunen møter seg sjølv i døra når bygdene rundt er fråflytta, og alt er slukt av byen førde.(utdanning helsetilbod osv)

Kommunen har over fleire år gjort store investeringar i Dale sentrum, beredskapshus, Millionsluket Samvirke og heilt ny 1-10 skule etter først å ha fiksa opp ungdomsskulen og lagt den ned, ikkje rart lånegjelda og driftsutgiftene er høge.

Men no er festen slutt og kven får rekninga, jau sjølvsagt utkantane, kven ellers?

Ellers virkar det at det har vore ein vilje frå kommunen si side til å halde oppe ungdomsskulen på Våge trass at det har vore snakk om flytting til Dale mange gonger. Å få til arbeidsplassar på Lutelandet og dermed tilflytting har vore eit viktig argument, og bra er det at det endelig ser ut til å lukkast.

Men eg vil stille spørsmålet:

Er ikkje arbeidsplassane som eksisterer i Guddal like viktige å oppretthalde, utvikle som mulige framtidige arbeidsplassar andre stadar i kommunen?

Her på garden har vi 2,5 bemanna stllingar pluss innleigd avløysar i periodar. To av ungane våre har busett seg her på garden med familie og sambuarar, ein har bygd nytt hus og alle her har klare forventningar om at Flekke Skule blir oppretthalden.

Det er øvre Guddal som blir mest skadelidande hvis Flekke skule forsvinn, pga lang reisetid.
Men det er også her det har vore ei stor satsing i jordbruket siste åra, med bygging av mange nye driftsbygningar/tilbygg og anna, blant anna kraftverk. Matproduksjon er viktig både lokalt og nasjonalt, her har kommunen eit klart ansvar for å legge tilrette for at vi fortsatt kan bu her og drive gardane vidare.

Men her får ein servert smular frå kommunen, med å kjøpe skuleplass i Sunnfjord kommune, skyssen får De ordne sjøv, De har vel tid til da.....Kjem tilbake til dette.

Ein kan iallefall ikkje sende ein 6 åring på tur til Dale frå Svartefoss som vil ta ein time, når ein ikkje kan skysse ungdomsskule elevar frå Våge til Dale som ligg i same avstand som stadar i øvre Guddal.

Konklusjonen min er at Flekke skule MÅ bestå i si noverande form.

Dette er pga reise avstand frå øvre Guddal til Dingemoen blir for lang for dei minste borna.

Her frå Svartefoss er det 33,9 km via Boge og Nordsidevegen som blir 40 min. med privatbil i følge google maps.

Sørsida via Hovlandsdal blir 36,9 km og 43 min. med privatbil.

Men dette blir noko anna når det kjem til den praktiske gjennomføringa av skuleskyssen:
:

Vi bur her vi bur og vanlig praksis har vore før at det blir leigd inn privatbil via Firda Billag, som køyrer ungane 4 km. til Dingsøyr der skulebussen stoppar.
Dette tek 6 min ifølge Google maps, men ved at ein må vere ute i god tid så skulebussen slepp å vente snakkar ein om i praksis 10 min ca.

Så er det bussturen til Dingemoen som tek 47min ifølge bussruta på entur.no, reknar med det blir nokolunde korrekt.

Så då er ein oppe i ei reisetid på 57 MINUTT TIL EIN TIME I REISETID FOR EIN 6 ÅRING, dette synest altså kommunedirektøren er innafor??, får håpe kommunestyret har betre vett og avviser denne horrible tilrådinga.

Det er allereie på grensa av kva som går an med hensyn til reisetid når det gjeld Flekke skule.

Så les eg i kommunedirektøren si vurdering at det "blir viktig å få til gode løysingar som gjer at reisetida blir kortast mogelig". Det er bra!

Så då er det som avbøtande tiltak nevnt: "Praksis siste åra til å kunne søkje om å gå på Sande skule for elevar som er busett frå Langeland og innover og mot kommunegrensa i Sunnfjord, må vurderast å halde fram. Dette har til no vore eit viktig avbøtande tiltak"

Dette vitnar om at kommunendirektøren er av den oppfatning at det er allereie for langt til Flekke skule for dei minste elevane event. alle elevar.

Reknar med at vi på Svartefossen kjem inn under dette og sidan vi ligg lenger i frå Dale enn Langeland, ca 2,7 km lenger i køyre avstand.

Det er berre det at dette tiltaket er 0, NULL verdt utan at blir sett opp skuleskyss!

Kvifor er det ikkje budsjettert med utgifter til skuleskyss til Sande Skule, når ein vil at Flekke skule skal nedleggast og ein er av den oppfatning det vert for lang reisetid til Dale? Dette må takast med.

Køyretid til Sande skule med privatbil her i frå tek 36 minutt, 26,6 km, med to turar pr dag blir det eit tidsforbruk på 2 timar og tolv minutt, i praksis snakkar vi 2,5 timar kvar dag 5 dagar i, veka. Begynner å ligne på ein ganske anstendig deltidsjobb, berre at her det ikkje lønn, men berre utgifter!

Dette går jau ikkje opp i det heile tatt for ein familie der ein tross alt må vere på jobb også og ha eit familieliv, ikkje minst kostnaden med køyringa, har ein fleire ungar vil ein jau måtte halde på med dette i ei årrekke, men dette er altså dette avbøtande tiltaket som kommunedirektøren lener seg på, virkar meir som ei straff spør du meg??

Dessuten hvis det blir oppsett buss blir køyretida like lang som til Flekke, då ein må stoppe innover dalen, og bort til Sørebø og Steinset, så ein vinn ingenting på det i reisetid her ifrå. Blir vel kun i frå Steinset at denne ruta har noko for seg.

Dessutan er den kommunale vegen heggheim - Fjaler grense, i veldig dårlig forfatning grunna manglande vedlikehald som gjer vintervedlikehald krevande, og på Sunnfjord

sida manglar det rekkverk og det er smal og rasfarleg vei.
-
Synest det egentlig er rart Fjaler kommune gjekk inn på denne ordninga, det er jau eit paradoks at ungar frå Dingsøyr går på Flekke skule, men køyrer ein to km innover dalen til Langeland er det plutselig vorte for langt til Flekke.....men det har vel kanskje sin bakgrunn i att kommunedirektør/kommunestyre ser at det blir for lang skuleskyss pr idag?

Med Helsing

Per-Kristen Svartefoss

Svartefossvegen 344

6966 GUDDAL